

Husmannsvesenet på Austlandet

Arnfinn Engen

Forholda for husmenn kunne variere frå bygd til bygd, men på Austlandet var det så mange fellestrekk at vi kan omtale forholda her nokså generelt.

Frå midt på 1700-talet og utover tok folketallet her i landet til å auke sterkare enn før, slik at på dei knappe hundre åra frå 1769 til 1865 vart folketallet meir enn dobla, frå 723 000 til 1,7 millionar. Med dette oppsto eit problem. Kvar skulle alle dei nye menneska gjere av seg? Det var knapt noka anna næring enn jordbruket som kunne ta imot dei. Men var det framleis nok jord å ta av? Kunne alle få seg ein gard eller jord å rydde?

Tidlegare var det også født store barneflokkar på .gardane, men mange av barna døydde tidleg. Dei som overlevde kunne kanskje overta heimgarden eller bli gift til ein annan gard. Etter kvart som fleire overlevde og voks opp, var ikkje løysinga så enkel lenger. Ein måte å greie problemet med å skaffe alle barna jord, og som spesielt vart tatt i bruk frå ut på 1800-talet, var å dele opp garden. Denne delinga hadde til følgje at talet på bruk og brukarar auka sterkt i løpet av 1800-talet.

Sjølv om mykje av den beste jorda var tatt i bruk av dei eksisterande gardane rundt 1800, vart det likevel drive mykje nydyrking denne tida. Dette førte både til utviding av dei bruka som fanst og til oppretting av nye bruk, rydningsbruk. Frå midt på 1700-talet vart det sett i gang større nyryddingstiltak i utmarka med hjelp frå staten i fleire bygder. Dette førte lett til konflikhtar i forhold til utmarksrettane til eksisterande bruk.

Mykje nydyrking skjedde også i samband med garddeling for å utvide knappe gardparter. Dei gamle gardane låg ofte i dalsida, men nå vart dalbotnen dyrka. Dette var likevel dårlegare jord enn den gamle dyrkajorda, ofte meir frostlendt og rå. Så ofte var nok denne nydyrka jorda mindre produktiv enn den gamle. Men det meste av nydyrkinga skjedde ved oppdyrking av nye husmannsplassar, som det kom mange av utover på 1800-talet.

Eit par måtar å løyse problemet som befolkningspresset skapte, var altså garddeling og nyrydding. Men det som vart det nye alternativet for mange av dei nye menneska, var å bli husmann eller husmannskone. Trongen til arbeidskraft var stor, og det galdt å feste den ledige arbeidskrafta til garden. Ugifte folk kunne bli tenarar som før. Men når arbeidarane gifta seg og stifta familie, var det upraktisk både for dei og husbonden at dei heldt fram som tenarar. Dessutan var det dyrt for husbonden om han skulle fø på heile familien i sitt hushald. Da var det både rimelegare og betre å skaffe arbeidarane ein liten jordfleck å dyrke og bygge hus på så dei til ein viss grad kunne greie seg sjølve mot at husbonden fekk nytte seg av arbeidskrafta deira.

Dette var opphavet til det utbreidde systemet med husmenn, eit system som stutt sagt løyste to oppgåver: på den eine sida å skaffe hus og levebrød til det store befolkningsoverskottet, på den andre sida å skaffe arbeidskraft til jordbruket.

Husmannsvesenet fanst i heile landet, men det var i visse strok det var spesielt sterkt utbreidd, først og fremst på Austlandet og dermed i Gudbrandsdalen. På Vestlandet og i Nord-Noreg hadde dei andre næringar å ty til ved sida av jordbruket, slik som sjøen og fisket, og dermed kunne kvar bonde greie seg med mindre bruk.

I takt med befolkningsauken steig talet på husmenn. I 1801 var det 39 400 husmenn med jord her i landet, i 1885 var det 67 400, og det hadde nok vore enda fleire eit par tiår tidlegare. I Gudbrandsdalen var auken om lag like stor i dette tidsrommet, men talet var nok på topp her rundt 1850, og tidlegare i sørdalen enn i norddalen.

Husmennene og styresmaktene

Som eigedomslause kom husmennene i ein situasjon der dei på mange måtar var avhengige av husbonden. Dette skapte lett ein vanskeleg situasjon for dei. Men det gjekk lenge før

styresmaktene greip inn for å lage noko rettsvern for husmennene. Sjølv om det hadde funnest husmenn frå tidleg på 1600-talet, kom ikkje første husmannslova før i 1750. Ein viktig grunn til dette var at styresmaktene tidlegare aktivt motarbeidde husmannsvesenet fordi ryddinga av nye husmannsplassar ikkje førte til auka skatteinngang. Men dette synet endra seg utover på 1700-talet da husmennene meir og meir vart sett på som ei nyttig samfunnsgruppe. Dei sto for ein stor del av nyryddinga i landet. Ved hjelp av deira arbeidskraft var det framgang i jordbruket, noko som vidare førte til befolkningsauke og dermed fleire som kunne gå inn i hæren.

Etter påtrykk frå embetsmennene kom den første husmannsforordninga i 1750. Hovudpunktet her var at det skulle opprettast skriftleg kontrakt. Denne skulle vere i husmannens levetid, og den skulle slå fast kva for plikter og rettar husmannen hadde. Men det synt seg snart at styresmaktene med kravet om skriftleg kontrakt og livstidsfeste for alle hadde gått for langt i vernet av husmennene. Bøndene nekta å etterleve forordninga, og det vart hevda at husmennene ville bli «op-sætsige og modvillige» på grunn av denne.

Resultatet vart ei ny forordning alt i 1752, der det viktigaste er at det vart skild mellom plassar i innmarka og plassar som vart rydda i utmarka. Berre for dei siste vart det kravd skriftleg kontrakt, og husmennene her skulle ikkje kunne utseiast så lenge dei oppfylte pliktene sine. For dei i innmarka vart det ikkje sagt noko korkje om kontraktar eller festetid. Dette vart retta opp med ei forordning i 1792 der innmarkshusmennene også fekk krav på skriftleg kontrakt. Ei anna sak er at det lovfesta kravet om skriftleg kontrakt til alle husmennene ikkje vart tatt så svært alvorleg av bøndene.

Trass i dette skjedde det lite med husmannslovgevinga før rundt 1850. Arbeidarane og husmennene hadde da tatt til å organisere seg i Thrane-rørsla, og eit sentralt krav for denne arbeidarrørsla var betre kår for husmennene. Delvis som følgje av dette vart det nedsett ein kommisjon i 1850 for å sjå på husmannslovgevinga, og resultatet vart husmannslova av 1851. Viktige punkt her var at alle husmenn skulle ha skriftleg kontrakt, at ein husmann som sjølv hadde rydda plassen sin skulle ha livstidsfeste, og at husmennene skulle vere fri for arbeidsplikt minst ein yrkedag i veka for å gjere arbeid på eigen plass. Dessutan skulle ikkje husmannskona kunne

påleggast pliktarbeid. Lova fekk ikkje så stor betydning som den var tiltenkt.

Dels på grunn av dei svake sidene ved 1851-lova kom det fleire initiativ for å endre på lovverket i dei siste tiåra av 1800-talet. Husmennene tok så smått til å organisere seg, og ein sentral mann i dette arbeidet var Sjur Fedje frå Follebu, som i 1883 starta avisa «Husmanden». Dette førte ikkje til noko gjennomgripande arbeid med husmannsproblemet, sjølv om det i denne tida kom institusjonar som Jordinnkjøpsfondet (1894), Arbeiderbruk- og Boligbanken (1903), og seinare Småbruk- og Boligbanken (1915). Først i 1917 vart det nedsett ein kommisjon som skulle greie ut problemet på breitt grunnlag og kome med forslag til ny lov om husmannsvesenet. Men arbeidet med dette spørsmålet vart inkorporert i arbeidet med ei breiare jordlov, og først i 1928 kom den lova som la grunnlaget for den endelege avviklinga av husmannsvesenet.

Husmannens plikter

Etter lova skulle altså alle husmenn ha skriftleg kontrakt. Dette vart ikkje overhalde, men i alle fall eksisterte det alltid mellom husbond og husmann ein avtale, skriftleg eller muntleg, som fastsette kva for vilkår husmannen skulle ha plassen på, kva for plikter og rettar han hadde.

Alle husmenn måtte betale ei fast årleg avgift for plassen. Denne avgifta kunne vere fastsett til ein viss pengesum eller ei viss arbeidsmengde. Vidare hadde dei fleste husmenn ei viss arbeidsplikt. Denne arbeidsplikta kunne vere avgrensa til å opparbeidd den årlege avgifta, eller husmannen kunne også ha plikt til å arbeide utover dette når som helst husbonden forlangte det. Da heitte det at han hadde uavgrensa arbeidsplikt.

Plassavgifta og arbeidsplikta var dei viktigaste krava som var stilt til husmannen, og utover dette kunne det også krevjast meir. Ein del husmenn måtte betale ein innfestingssum eller bygsel når han overtok ein plass. Mange måtte yte eit føderåd til den gamle husmannen. Elles kunne det vere stilt andre meir tilfeldige og spesielle krav.

Plassavgifta kunne fastsettast på ymse måtar. Vanlegast var at det var kravd ein viss pengesum og at denne pengesummen kunne betalast i kontante pengar eller i arbeid utan at arbeidet var spesifisert. Dette var den friaste måten for husmannen å betale avgifta på. Dei

som hadde avgrensa arbeidsplikt, kunne stå friare til å skaffe seg inntekter.

Det var spesielt i onnene at det var bruk for arbeidskrafta til husmennene. For å sikre garden arbeidskraft i desse periodane, var det ofte kravd at avgifta skulle betalast heilt eller delvis i spesifisert onnearbeid, t.d. ei viss tid i slåttonna og ei viss tid i skurdonna. Dette sikra husbonden arbeidskraft når han hadde mest bruk for den. Men på den andre sida batt det husmannen i dei periodane arbeidet hans var mest etterspurd, til ei løn som var fastsett og var mindre fordelaktig for han.

Storleiken på avgifta kunne variere frå eit par spesiedalar opp til 15-16, avhengig av storleiken på plassen og etterspurnad etter plassar. For å betale denne summen med arbeid, måtte husmannen drive frå eit par veker opp til eit par månader.

Arbeidsplikta var vel det som mest karakteriserte husmannssystemet. Denne plikta kunne vere avgrensa til å betale plassleiga, men det kunne også i mange tilfelle bli kravd arbeid utover dette mot løn. Denne uavgrensa arbeidsplikta kunne vere bestemt til at husmannen skulle arbeide for husbonden når han hadde tid, eller at husmannen først skulle søke arbeid hos verten før han gjekk til nokon annan dersom han ville ha arbeid utover den avgrensa arbeidsplikta. Men dette kunne også vere strengare bestemt, t.d. at husmannen kunne tilkallast til garden når som helst, «etter tilsigelse» eller «naar forlanges». Det var den strengaste forma for arbeidsplikt, og det kunne også vere bestemt til så og så mange dagar i veka året gjennom. Ei noko mildare form var at arbeidet kunne vere avgrensa til ei viss mengde eller visse typar arbeid, men at husbonden bestemte når det skulle utførast.

Av andre krav som vart stilt husmannen, var det faste kravet om at husa, gjerda og jordvegen på plassen skulle haldast ved like husmannen og ikkje forringast. Elles kunne det vere meir spesielle krav, som t.d. at husmannen skulle passe på skogen til husbonden slik at ikkje uvedkomande tok seg til rette. Slike krav var helst stilt til husmenn som hadde fått plass eit stykke vekk frå garden i utmarka. Andre krav kunne gjelde husdyr, hamn og foring, t. d. at husmannen hadde plikt til å fore dyr for husbonden, eller at han måtte skaffe gjætar ein del av den tida feet hamna ute. Elles kunne det vere ymse tilfeldige krav som vart stilte, ut frå spesielle behov hos husbonden, spesielle naturgitte forhold eller spesielle eigenskapar hos husmannen.

Husmannens rettar

Kva fekk så husmannen att? Det viktigaste var at han fekk litt jord å rydde og dyrke som gav grunnlag for litt matproduksjon, at han fekk husrom for seg og sine og for dyr og avling.

Når det gjeld storleiken og boniteten på jordflekken under ein husmannsplass, finst det ikkje mange opplysningar om det. Når det gjeld hus og annan eigedom, skal vi kome attende til det seinare. Men dei husmannsrettane som blir nærare definerte i kontraktane, gjeld ting som rett til hamn for feet på plassen, sætterrett, rett til å bruke skogen, eventuell eigedomsrett til husa på plassen og andre meir tilfeldige rettar.

Skulle husmannen ale opp nokre dyr på plassen, var han som oftast heilt avhengig av hamn utanom plassen. Han kunne da få rett til fri hamn i utmarka. Hamninga kunne også vere avgrensa til visse område. Mange av kontraktane som har reglar for hamning, bestemmer at den frie hamninga berre kunne skje haust og vår, om våren fram til den tida gardskrøttera reiste til sæters og om hausten etter at dei var komne ned att frå fjellet. Dette måtte bety at husmannen måtte reise til sæters med krøttera sine. I ein del kontraktar vart det kravd at husmannen reiste til sæters på same tid som husbondsfolket. Om husmannen ikkje hadde sommarbeite for alle dyra sine, gav likevel mange kontraktar husmannen rett til å ha ei heimeku om sommaren for å skaffe mjølk til familien og i tillegg til kua ofte ein kalv og kanskje ein gris.

Ved sida av hamneretten var retten til bruk av skog noko av det viktigaste for husmannen. Dei fleste husmennene hadde rett til å bruke skog på ein eller annan måte. Denne retten kunne vere så fritt bestemt som fri hogst i skogen. Men den kunne også vere meir avgrensa som hogst i ein viss teig, eller etter utvising frå husbonden, eller berre rett til å hogge «det fornødne til pladsens brug». Det ser elles ut til at husbonden lettare gav husmannen bruksrett i sameigeskog enn i gardsskog.

Det som husmannen hadde bruk for i skogen, var for det første hustømmer. Husa var korkje godt fundamenterte eller godt tekte, og måtte ofte reparerast. Derfor var det også mykje bruk for husmaterialar. Men dette var samstundes det mest verdifulle virket i skogen som det derfor var lagt strengaste restriksjonar på bruken av. Såleis fekk husmannen som oftast hogge tømmer berre etter utvi-

sing.

Elles trongst det materialar til gjerde. Det var viktig for husbonden også at gjerda rundt plassen vart haldne ved like. Derfor fekk husmannen ta gjerdefang i skogen. Dessutan trong husmannen ved til fyring. I kontraktane var det mest alltid understreka at ved berre måtte takast av kvist, vindfall og stubbar, aldri av friske tre.

Husmannen kunne også få andre rettar i skog og utmark, slik som å hogge ris og lauv til attåtfor, og til å ta mose i fjellet.

Arbeid og løn

For det arbeidet husmannen gjorde utover å betale plassavgifta, skulle dei ha løn. Lønnsnivået i Gudbrandsdalen i første halvdel av 1800-talet viser at vanleg sommararbeid utanom onnene vart betalt med seks – åtte skilling pr. dag. Vinterarbeid vart betalt med fire - seks skilling pr. dag. I slåttonna hoppa lønene i veret. Løna kunne betalast på to måtar, anten gjennom dagløn, som elles var vanleg, eller gjennom ein slags akkord ved at betalinga vart knytt til arbeidsmengda. Husmannen fekk t.d. ein viss sum for kvar mæling han slo. Det same gjorde seg gjeldande i skurdonna ved at betalinga kunne skje ved dagløn eller pr. mål som vart skore. Storleikane mål og mæling vart fastsette ut frå kva som var rekna for eit rimeleg dagsverk. Om arbeidarane kunne og ville arbeide utover dette, kunne han anten tene betre eller opparbeide seg fri.

Den arbeidsmengda som vart rekna for eit rimeleg dagsverk, vart kalla lagje. Når det galdt skurd, var lagje å skjere eit mål der målet var definert til 7x7 stenger, og ei stong til sju alen. Mælingen var vanlegvis lik fire mål.

Avlønninga for slåttarbeid kunne skje på to måter, anten gjennom dagløn, eller gjennom ein slags akkord ved at betaling vart knytt til arbeidsmengda. Det siste var det vanlege i Fåberg. Den vanlege løna «for et maal at skjære» var 16 sk., og «for en mæling at slå» var det som regel betalt 12 sk.

Løn for kvinnearbeid låg mest alltid ein del lågare enn mannsløna. Vanleg var at kvinnene vart betalte med 4 sk. pr. dag året rundt same kva slags arbeid dei gjorde. Det hendte også at dei fekk berre to skilling pr. dag for vinterarbeid. Derimot kunne dei for ymse akkordarbeid få same løn som mannen, som t. d. for lauving og skurd.

Hus og formue

Kor mange og kor store hus som fanst på plassen, varierte sjølvsagt frå distrikt til distrikt og frå plass til plass. Liksom det fanst store og små gardar, fanst det store og små plassar. Ein stor plass kunne kanskje ha hest, seks-sju kyr, nokre sauer og geiter og kanskje ein gris, mens ein liten plass kanskje berre hadde ei ku og eit par sauer. Ikkje alle hadde dermed høve til å ha eller bruk for like store hus.

Dessutan varierte byggeskikken og materialane frå område til område og var med å avgjere korleis plassen skulle kome til å sjå ut. Somme stader var det rikeleg tilgang på tømmer slik at heile huset og alle husa var tømra. Andre stader var det knappare om tømmer, men dess meir stein, dermed var ofte uthusa mura av stein. Og der det var tilgang til eit sagbruk, kunne stugu få ei bordsval eller skålen bli bygd av plank.

På alle plassane var det ei stugu eller eit våningshus og dessutan eit fjøs for dyra. Som oftast var det også ein låve. Mange plassar hadde også stabbur og aurbu. På dei større plassane der dei hadde hest, var det stall. Og dreiv husmannen som t.d. smed ved sida av gardsarbeidet, kunne plassen også ha smie.

Når det gjeld storleiken på husa, varierte også dette, men plasshusa var alltid mykje mindre enn gårdshusa. Stugua hadde som oftast berre eitt eller to rom, og den hadde peis. Det eine store rommet var spise-, opphalds-, arbeids- og dels soverom. Fanst det eit rom til, ein kleve, var det soverom. Som oftast hadde stugua berre ei høgde.

Det måtte nødvendigvis bli trongt i ei slik stugu når både to og tre generasjonar skulle ha plass her. Senger var sett der det var plass, og det måtte mest alltid ligge fleire personar i kvar seng.

Fjøset på plassen var vanlegvis lite og mørkt utan gjødselkjellar under. Alle dyra var samla i eitt rom der plassen var vel utnytta til båsar og bingar. Låven var oftast eit eige hus og ikkje bygd oppå fjøset. Stabburet, om det fanst, skilde seg ikkje mykje frå gardsstabbura i utsjånad anna enn ved storleiken. Aurbua, som var lagerhus for mat som skulle stå kaldt, var anten kjellar under eit anna hus eller grave inn i ein bakke og mura.

Husa på plassen var ofte husmannens eigedom i motsetning til jorda. Dette var tilfel le når husmannen sjølv hadde bygd dei eller kjøpt dei. Om tømmeret til husa var tatt i husbondens skog, kunne det vere bestemt at

husmannen åtte berre to tredelar av husa og husbonden den siste tredelen. I dei tilfella der husmannen åtte husa eller delar av dei, var det ofte bestemt i kontrakten at han skulle ha erstatning for husa om han flytta frå plassen. Men det hende og at han tok med seg husa om han flytta.

Skifta er ei god kjelde til kunnskap om formueforholda på plassane, kor mykje husmennene åtte og kor mykje dei hadde i gjeld. Dette kan vi samanlikne med forholda på gardane. Om vi reknar om formuane til ein nokolunde fast verdi, kuverdien, syner det seg at husmennene åtte verdiar tilsvarande seks - sju kyr tidleg på 1800-talet, og at talet auka til 8-10 kyr rundt 1850. På gardane finn vi at på dei minste bruka (under tre skylddalar) var bruttoformuen taksert til ca. 48 kuverdier like etter 1800 og auka til vel 50 seinare. På dei største gardane (over åtte skylddalar) åtte dei ca. 250 kuverdier rundt 1800, og dette talet auka også litt utover på 1800-talet.

Avviklinga av husmannsvesenet

1860-åra var høgdepunktet i det som blir kalla husmannstida. Frå da gjekk talet på husmenn og husmannsplassar raskt ned. Utvandringa til Amerika er ofte peikt på som ei viktig årsak til avviklinga av husmannsvesenet. Husmannsfolka og husmannsbarna drog til Amerika, plassane sto tomme, og det vart mangel på arbeidskraft i bygdene.

Dette er i og for seg rett. Men seier vi at emigrasjonen og utflyttinga var ei årsak til avviklinga av husmannsvesenet, må vi spørje om årsakene til at folk flytta ut. Da kjem vi rett inn i det sakskomplekset som er kalla hamskiftet i det gamle bondesamfunnet. Her finn vi dei økonomiske årsakene til at husmannstida tok slutt. Ei av sidene ved dette er bruksendringane i jordbruket. På grunn av endringane i kommunikasjonstilhøva og politiske forhold i land som USA og Russland, vart det etter kvart billegare å importere korn hit til landet frå desse komproduserande landa enn å dyrke det sjølv. Dette førte til at bøndene tok til å bruke i alle fall ein del av åkrane til å dyrke for på og såleis legge større vekt på husdyrhaldet enn før. Dei spara såleis mykje av arbeidet med å hauste kornet. Samstundes slapp dei den arbeidskrevjande og tidlegare nødvendige forhaustinga i utmarka. Trongen til arbeidskraft vart med andre ord mindre.

Dette hadde gjennom heile 1800-talet vore ei utvikling av jordbruksreiskapane slik at arbeidet vart meir effektivt. I dei siste tiåra kom også maskinane inn. Såmaskinar hadde det funnest lenge i Gudbrandsdalen. Den såkalla lomske såmaskinen først laga av bygdehandverkarar i Ottadalen først på 1800-talet. Etter kvart kom også slå- og meiemaskinar og treskeverk som alle gjorde mange manns arbeid.

Som følgje av denne omlegginga til nye driftsmåtar og nye arbeidsmetodar, oppdaga bøndene at det var lite lønsamt å ha mange husmenn gåande. Samstundes opna det seg nye utvegar for husmannssønene og -døtrene, først og fremst i høvet til å reise til Amerika og til byane her i landet. Det var utsikta til å få seg jord i Amerika eller arbeid i den nye industrien i byane som drog.

Samstundes baud det seg også andre utvegar i eller nær heimbygda. Frå 1860-åra vart det sett i gang mykje vegbygging, og utover 1880- og 1890-åra kom jernbanebygginga. Dette vart arbeid for mange husmannssøner som ikkje ville eller ikkje kunne ta over ein plass og bli husmann som faren.

Med andre utvegar for barn av husmanns-ætt enn det å gå husmann som faren, endra også synet på husmannen stilling seg. Mens det for dei eldre hadde vore einaste alternativ til å få seg eit utkome og stifte familie, var det for dei unge ei ufri og dårleg betalt stilling. Dei kjende seg mykje friare og vart framfor alt betre betalte på vegarbeid eller på jernbaneanlegget.

Frå 1860-åra gjekk det raskt nedover med husmannsskipnaden. På dei 25 åra mellom 1865 og 1890 vart talet på husmenn halvert i Gudbrandsdalen. Og i dei neste tiåra vart talet vidare redusert til at det fanst att berre få husmenn i 1930-åra.

Mange av husmannsfolka reiste altså til Amerika og til byane, eller dei fekk seg arbeid ved dei ymse offentlege tiltaka som vart sette i gang. Låg plassane til dei som reiste nær garden, vart dei ofte lagde inn under garden att. Det er vel desse plassane det er minst spor etter i dag. Låg plassane avsides eller på tungbrukt jord, vart dei ofte lagde ned. Desse kan vi ennå sjå spor etter som nedrotne hus eller som murar i utmarka. Dessutan var det ein del plassar som vart kjøpte av husmennene eller barna deira, og gjekk over til å bli

sjølveigande bruk. Desse kunne vere så små at dei berre vart brukte til bustadtomt. Dei kunne også bli slått saman med andre plassar til eit brukbart småbruk.

Dei fleste plassane som vart sjølveigande bruk, vart fradelt frå gardane etter frivillig semje mellom bonde og husmann. Jordlova av 1928 gav høve til ekspropriasjon, og både dette og prisen på plassane gav nok grunnlag for konflikter.

Ved avviklinga av husmannsskipnaden gjennom utvandring og utflytting og gjennom

kjøp av plassane, var ein epoke over for dei eigedomslose i bygdene. Den store samfunnsendringa som er kalla industrialiseringa, hadde skapt ein ny situasjon også for dei. Det er viktig å hugse og vite kva denne tida var. Husmannskår var kvardagen for ein stor del av bygdefolket, for ein stor del av dei nære forfedrane og -mødrene til mange av oss som lever i dag. Berre ved å vite kvar vi kjem frå, kan vi vite kven vi er.

